

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. Till. 36

Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Voll

Emne: Måter å røfse på

Bygdelag:

Oppskr. av: Sigurd Vollset

Gard:

(adresse): Måndalen i Romsdal

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):  
Avskrift, står på svar 36 nr. 9211.

SVAR

1) Eg kan godt hugse at ein i slåttonna på slotteteien gen "slo på holm" den som var noko sein av seg, så han ikkje heldt fylgje med dei andre. Likeeins "skar dei på holm" den som ikkje skar fort nok, så han vart etter. Det var skam å bli slegen eller skoren på holm.

2) Det som er nemnt i sp. 2, er ukjent her.

3) Det var skikk å dra rundt å rise folk i jula, enten julenatta eller seinare i jula. Kjerre eller båt på taket er ukjent.

4) Ein la visstnok ikkje noe serleg namn på folk som gjekk ut på vitjing 1. juledagen, men ein syntest det var svært u høveleg. Det var nok ikkje mange som ville gjere det.

5) Eg har ikkje høyrte at det var sagt noko sers til den som ikkje fekk noko nytt julaftan.

6) Utnemnene på folk som forsömde noko tradisjonelt påbod eller gjekk glipp av noko, har jeg ikkje høyrte.